

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Følgelege musikinstrument

Oppskr. av: E. Tidemann

(adresse): Kjerringøy.

Fylke: Nordland

Herad: Kjerringøy.

Bygdelag: Os

Gard: Stranda

G.nr. 46 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både A og B.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Det ein no kan minnast har folket her aldri hatt nokon sergionad i musikk. Det har i manns minne vore eit hende at ein ungdom har rådd seg til ei fele. Her er difor ingen musikktradisjon og heller ingen tilhaldstid for musikkinstrumenter frå eldre tid. Svaret på dei gjerse spørsmål kan difor her ber bli samla meir saman. Musikkinstrument frå mellomalder eller primitive tarmeninstrument er det ingen som har noko kjensskap til. Difor kjem D og E til å falla heilt bort her. Det som dævert alt er A og B som her blir tatt under eit, for dei musikkinstrument som er komne til bygda er komne frå byen.

Dei musikkinstrument eg har kjenskap til her er fele, gitar, siter, dragspel og husorgel. Til det kjem òg eit og annan munnspel.

A1. Av disse instrumenta er kuleig fela som er eldst. I tidfesta fela er uråd. Her var ho nemnd ~~fiolin~~ og var blankjonn.

Til fiolinen höjude fiolin-bogen og harpikes. Fela & var set saman av bråstet, halsen, skruvane, strengane og stanghesten. Strengane var kvinten, kvarten, tersen og basen.

2. Ingen kan no seia kva tid fela kom til bygda, men ho er førd vnn frå byen anten Bergen eller Bodö, helst den første.

3. Her i bygda var ikkje laga fele. Og har heller ikkje spurd nokon som driv på med det no heller. Heller ikkje kan nokon no nemna kva tid, og kven av, den første fele var førd til bygda.

4. Når her ikkje er serlaga fele, er måla på ei eller anna fele ikkje noko særmerkt for staden. Det same gjeld spursmåla i 5 og 6.

7. Her er ingen i bygda som kan gjeva ann opplysning enn at både instrument og siltang var kjøpt i byen - Bodö eller Bergen.

8. Fell burt.

9. Dei fleste som spela fele helst herme med vinstre handa og stüdde ho mot ~~bringa~~ vinstre side av bringa. Men i den seinare tid - dei siste 40-50 åra - hus spelomannen fela opp under haka, offast med hakebrett på fela.

Her i bygda har det aldri vore bruka instrument av noko slag kockje til å

kalla saman folk, eller skemma dýr eller  
sit á lokka feit. Men derimot varð feila bruka  
sit á spela til dans, heilt til þó varð streng-  
urra av dragspillet.

- 10. Nokon variant av feila er ikkje kjend her.
- 11. Fele med reitild þrjúdnad er og úkjend.
- 12. Dei höve her er spurð om er úkjend her.
- 13. Vi har ingen felespelar her no, og ingen  
har kjenskap til at det i bygda her har vore nokon  
sers flink felespelar.

Ymse slag instrument.

Vanleg fele er kjend men ikkje hardingfele  
Vanleg harpe - siter - er kjend men ikkje  
langleik (V) og humlo (VI). Salmodikon (VII)  
er kjend med di sume folkeskulslærarar har  
brúka det instrumentet i skúlane. Det var  
vanleg Salmodikon ikkje bassalmodikon  
Ropar (VIII) var úkjend þar heilt til motor-  
bátane kom og hadde ropert - men berre ein  
og annan bátur er det som har. Derimot  
har alle tákeltúr.

IX. Lúr - langelúr eller gjatúr er úkjend  
i bygda her. Derimot minnst eg ein frá  
heimbygda mi, Melöj på Helgeland. Det var  
vel langlúr helst. Han var skung 130cm  
lang. Han var buin og laga av 2 halvmingar  
som var súra saman med snöre. Tommet i  
túron var older (or). Han var arbeid i ei heiting  
utan laust munnstykke og var heilt beint  
X. Trillarhorn er úkjend her. Det same er til-  
fellel med alle slag frá XI til XVII.

Bolk B. Bygnstrument.

Dei musikinstrument som har vore bruka  
her i bygda má ein nok rekna med til den

IV

4

kategori, då det ikkje er kjend at nokon her i bygda har laga musikinstrument av noko slag. Her er då kjend: Piano, orgel, luttspel, munnspel, fele, gitar og citer.

2. Pianoet har helst fylgd prestane. Men her er eit som er stasjonært - ein handelsmann eig det; men både kona hans og pianoet er komne frå byen, Bodø.

3. Nokon nøy musikk kan vi ikkje tale om like lite som vi i det heile kan tale om noko musikkiv i det heile for bygda her. Ingen kan minnest nokon spellemann utover det vanlege, det daglegdage. Var det ein som hadde ei fele og han kunne ein vals, ein reinlender og ein marsj så kunne han gjera segst som spellemann i eit brudlaup eller på ei dansemoro. Lenger har ikkje musikken nådd her i bygda

Bolk C Larminstrument

Like eller andre primitive instrument er det ingen som no har noko kjennskap til

Bolk D.

Dei musikinstrument det her er spørslag om er det ingen som har kjennskap til. Og ikkje sær eg her i bygda finns noko av det slaget. Eg har rokt etter; men anteke noko fjerne.

Kjerungøy 11 - 12 - 1947  
E. Tidemann